



Festtalar var ordførar Peder Sjo Slettebø. Han sa mellom anna fram ein grundig analyse av uskedalingane.

Noko av programmet på haustfesten i ungdomslaget bar preg av grundige analysar, noko på spøk og noko på ålvor. Talar, ordførar Peder Sjo Slettebø, gjekk inn i rollen som advokat Bjarte Døssland og fortalde om to folkeslag i Uskedalen, dei kreative og intellektuelle som bur på Døsslandssida og dei meir formelle med byråkratisk bakgrunn som bur på Kjærlandssida. Redaktøren for Daltrekk, Elin Legland, hadde den seriøse analysen om ulike kulturar og felles samfunnsforståing.

I dette innlegget skal vi ta med at Uskedal ungdomslag har overlevd sine 130 år sidan oppstarten hausten 1888. Tre tidlegare leiarar, Trygve Haugland, Magne Huglen og Kjell Tungesvik, fortalde om aktiviteten i ungdomslaget i deira tid. Den som likevel har hatt lengst leiartid er noverande leiar, Rigmor Rasmussen. Dagny Tyse frå Stord var den fyrste kvinnlege leiaren. Det var så tidleg som i 1917, på den tida hytta Fjelly vart bygd.

Uskedal musikklag og koret Røysterett for Alle er alltid med på det som vert kalla ein dugnadsfest, der alle uansett rolle må betala seg inn. Nytt i år var teatergruppa TeaterRusk si framføring Natt i leiketybutikken. Meir om denne nyskapinga kjem i eige innlegg.

Nytt og uventa var også framføringa av songen Originalane i Uskedalen, skriven av Olaf Agnar Gausvik. Fire spreke songarar, alle tenorar, framførte visa på ein meisterleg måte. Nokre av originalane sat i salen og vart særleg freamheva. Andre sat heime og fekk soleis ikkje høyra teksten. Nokre er døydde.

Allsongen var god, leia av Husbundet Rustne Menn. Maten var levert frå Elins Matgleder. Kakene bortsett frå jubileumskaka var laga på dugnad. Hildegunn Klette Hansen hadde lagt ned eit stort arbeid med pynting og dekorasjon i vakre haustfargar.

Haustfesten 2019 er bestemt og lagt til laurdag 19. oktober. Dansbandet TRINITY er alt tinga.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Uskedal ungdomslag 130 år.